

Reglement for internat og fritid ved KVS-Bygland

Fastsett av skulen sitt styre: 01.12.2010 og revidert 12.03.2018

Det er Indremisjonsforbundet som eig og driv skulen. Skulen sitt mål er å førebu ungdomen for yrkeslivet og livet i heimen og samfunnet, og søkje å fremje karaktervekst og personleg kristenliv hos elevane. Målet søker ein å nå ved god fagleg og allmenn utdanning, og ved å arbeide for eit godt kristent miljø ved skulen. Formålet med reglementet er at det skal føre til godt samarbeid, god trivsel, respekt og medansvar. Reglementet skal fremje god orden og gode arbeidsvanar, og slik legge til rette for god læring.

§1. Skulen blir leidd i kristen ånd. Elevar og andre som har sitt virke ved skulen, må i samsvar med dette vise fin og såmeleg framferd. Elevane må også utanfor skuleområdet oppføre seg slik at det ikkje er noko å utsetje på dei.

§2. Det er buplikt på skulen for dei som ikkje kan bu hos sine foreldre/føresette. Elevane må ta omsyn til kvarandre. På internatet må det ikkje spelast høg musikk eller lagast bråk, sånn at det ikkje er arbeidsro på rommet. Alle elevar må rette seg etter gjeldande ro-tider, og skal overnatte på sitt eige rom. Elevane er sjølve ansvarlege for å låse dørene på internatet. Dette gjeld både fløydøra og døra inn til sitt eige rom.

§3. Alle skal skrive seg på permisjonslista innan onsdag, anten dei skal vere på skulen eller skal heim/bort i helga. Dei som ikkje har fylt 18 år, må ha med løyve frå foreldre / føresette dersom dei skal reise andre stader enn heim.

§4. Det er forbode å nyte, eller ha i si varetekts, alkohol eller andre rusande middel. Det er forbode å vere rusa på skulen sitt område eller på arrangement eller reiser i skulen sin regi. Ved mistanke om rus kan skulen krevje at eleven avlegg urinprøve og/eller gjennomfører anna testing.

§5. Røyking og snusing er ikkje tillate på skulen sitt område, jamfør tobakksskadeloven §27. Røyking inne (sneipar og lukt på rommet) fører til at romma blir vaska ned for romleigar si rekning. Røyking i korridor/fløy fører til tilsvarande kostnader til nedvask av korridor/fløy. Bruk av e-sigarettar, både med og utan nikotin, er ikkje tillate på skulen sitt område, jamfør tobakksskadeloven §27. Vatnpipe og vatnippetobakk er ikkje lov å ha på skulen sitt område.

§6. Av omsyn til brannfare må det ikkje nyttast stearinljos.

§7. Bilane må plasserast slik skulen fastsett. Bilar som står utanfor desse områda, kan bli taua vekk på eigars rekning. Uregistrerte køyretøy kan berre takast med til skulen etter avtale med skulen. Syklar og motorsyklar skal plasserast på tilvist plass. Fartsgrensa på skuletunet er 25 km/t.

§8. Elevane må ikkje ha skytevåpen og ammunisjon på skulen sitt område utan avtale. Sprengstoff og fyrverkeri er heilt forbode på skulen sitt område.

§9. Elevane er ansvarlege for inventaret og rommet dei har fått tildelt. Oppslag og liknande som kan vere støytande, kan bli fjerna, eller kravd fjerna. Det er ikkje anledning til å ha eigne kvitevarer, med unntak av kjøleskap på rommet. Elevane må til

ei kvar tid holde god romorden. Rom og inventar skal ikkje bytast utan etter avtale med skulen. Elevane sine rom skal være ryddige og reine. Skulen har tilsynsrett til elevroma. Husk også å tenke enøk bl.a. ved å skru ned radiator når ein opnar vindauge.

§10. Kost- og losjisatsane inkluderer rom, fellesrom og måltider. Husleiga må ein betale kvar månad. Ein betaler for det rommet ein til ei kvar tid har. Elevar som vil flytte ut av internatet, må betale full sats i oppseiingsstida, som er 1-ein- månad. Det kan gjerast unnatak frå dette. Oppseiing skal ein levere skriftleg.

§11. Alle er pålagte plikter med korridorvask og kjøkkenteneste. Dei som ikkje stiller opp til dette, får merknader og må betale for vikar. Husk også at plassen i matsalen skal vere ryddig etter måltidet.

§12. Dersom ein vil ha overnatningsbesøk, skal det avtalast med internatleiaren. Besøk midt i uka er bare lov i heilt spesielle tilfelle. Gjestane betaler for seg før dei reiser. Eleven er ansvarleg for at deira gjester betaler.

Ved besøk kan ikkje personar av same kjønn overnatte på same rom. Gjester må også førast på permisjonslista. Gjester må innrette seg etter skulen sine reglar. Det er ikkje lov å invitere inn personar som er rusa eller som lagar bråk på internatet. Eleven eller andre må straks seie ifrå til husfar når det er slike folk på skulen.

§13. Skade på bygningar, innbu, dyr, utstyr m.m. må ein straks melde til skulen. Elevane er ansvarlege for skade dei forårsakar når dette skyldast uforsiktig oppførsel eller at dei har opptredd uansvarleg. Elevane har då fullt erstatningsansvar. Blir ikkje skaden meldt, er det å rekne som hærverk og vil få disciplinære konsekvensar.

§ 14. Regler for bruk av skulen sitt dataanlegg .

- a) Vanlege reglar som gjeld for mellom-menneskelege forhold, gjeld også for Internett og elektronisk kommunikasjon ved KVS-Bygland. Det betyr mellom anna at ein skal bruke eit allment akseptert språk i kommunikasjon med andre menneske. Mobbing via nett er ulovleg og kan bli meldt til politiet.
- b) Reglane gjeld for alle maskinar som blir kopla til skulen sitt nettverk, og frittståande maskiner på skulen sitt internat.
- c) Det er forbode å søke etter, laste ned, lagre, skrive ut, eller spreie materiale via Internett som:
 - inneholder pornografi, nazistisk og/eller rasistisk propaganda.
 - inneholder hat, oppfordring til bruk av narkotika, vald eller andre lovbroten
 - har til formål å skade maskinar eller personar
- d) Det er forbode å sende e-post som har til formål å skade, som for eksempel ”mail-bombing”, virusspreiing etc.
- e) Det er forbode å logge seg inn på eller prøve å bryte seg inn på ein annan sin konto. Det er ikkje tillate å informere andre om sitt eige eller andre sitt passord.
- f) Ein er sjølv ansvarleg dersom det blir gjort avtaler på nettet, økonomisk eller på annan måte.
- g) Skulen er ikkje ansvarleg dersom privat datautstyr blir borte eller filer/data forsvinn.

§15. Brot på reglementet for internatet kan frå skulen si side føre til desse tiltaka:

- Rådgjeving
- Åtvaring
- Beslaglegging av uønskte gjenstandar
- Melding til heimen
- Refsingstiltak

Til dømes påtale frå rektor / inspektør, bortvisning frå internatet og/eller skulen sitt område.

- Spesielle refsingstiltak:

Bortvisning frå internatet og skulen sitt område for lengre tid. Til dømes brot på §4, hærverk, misbruk av brannalarm, ulovleg bruk/oppbevaring av fyrverkeri og mobbing, vil normalt føre til særskilte refsingstiltak.

- Bortvisning

Ved 15 prikker, bortvisning frå internatet og skulen sitt område 2 helger.

Ved 30 prikker, bortvisning frå internatet og skulen sitt område 4 helger.

I alvorlege tilfelle og ved 50 prikker, kan eleven bli bortvist for godt. Plikta til betaling stoppar ikkje utan vidare av den grunn. Bortvisning frå undervisninga fører automatisk til bortvisning frå internatet.

§ 16. Før refsingstiltak blir brukt, skal eleven ha moglegheit til munnleg å forklare seg for den som skal ta avgjersla. Før særskilt tiltak blir nytta skal skulen først vurdere alternative tiltak, til dømes hjelpetiltak og/eller individuell kontrakt. Rådgjevar eller sosialpedagogisk personale skal ha hatt moglegheit til å uttale seg.

Særskilt tiltak reknast som enkeltvedtak etter forvaltningslova, og eleven har dermed rett til dokumentinnsyn, til å uttale seg som part i saka og å klage på eit vedtak i samsvar med kapitel IV -VI i forvaltningslova. Eleven har rett til nærmare rettleiing om sine rettar som part, og framgangsmåte ved klage. Klageinstans er styret for skulen.